



Foto: Festidalen ved Stig Framnes

- Festidalen gikk i balanse i år og vi er strålende nøgde med det, seier Bjørn Olav Tveit til uskedalen.no og held fram:

- I år hadde vi fleire nyskapingar på programmet, både Festidagen, Festifjellet, næringsseminar, bierstube, utvida meny og anna, og då er balanse eit godt resultat for oss.

Når vêret i tillegg tøysa med oss slik det gjorde, kunne det heile gått mykje verre dersom vi ikkje hadde hatt ein solid base av kjernepublikum som stiller opp uansett vêr og vermeldingar.